



SOGN REGIONRÅD

PROSJEKTPLAN

Forprosjekt

Samlingsbasert deltidsutdanning i sjukepleie

Kommunane i Sogn regionråd ønskjer å få etablert tilbod om samlingsbasert deltidsutdanning i Sogn. Det er stort behov for sjukepleiarkompetanse fordi vi får fleire eldre og kommunane får fleire oppgåver. Ei deltidsutdanning i sjukepleie for kommunalt tilsette vil gjera det mogleg å tilby utdanning og praksis til dei som bur i vår region. Opstart av studie vil bli hausten 2021.

Sogndal, 25.8.2020

Karina Nerland
dagleg leiar
Sogn regionråd

1. MÅL OG RAMMER

1.1 Bakgrunn

Det er stort behov for sjukepleiarar i alle kommunane i Sogn regionråd. Behovet er aukande, både på grunn av samhandlingsreforma og at mange av dei som arbeider som sjukepleiarar i dag, nærmar seg pensjonsalder. Det er vanskeleg å rekruttera sjukepleiarar til kommunane. Prognosane viser at sjukepleiarar er av dei yrkesgruppene det vil vera størst mangel på i åra som kjem.

Kommunane satsar på kompetanseheving av personellet dei allereie har. Eit samarbeid mellom kommunane, Høgskulen på Vestlandet og Helse Førde vil gjera det mogleg å tilby utdanning og praksis slik at dei som alt bur i vår region kan få utdanning som sjukepleiar. Med ei samlingsbasert deltidsutdanning vil gjere det fleire kunne ta sjukepleiarutdanning i kombinasjon med vanleg arbeid. Erfaringar viser at 80 prosent av dei som tek desentralisert utdanning blir verande.

Vilkår for å kunne etablere eit slikt tilbod er avhengig av fleire faktorar; mellom anna er det god nok rekruttering, tilgang på fagpersonar som kan undervise og rettleia studentane, lokalitetar til studiegrupper og at Høgskulestyret løyver nødvendige studieplassar til tilbodet. Utdanninga følgjer same rammeplan som fulltidsstudiet, men det blir nytta ein tilpassa fagplan.

I starten av prosjektet var desentralisert sjukepleiarutdanning modellen som var drøfta i møta med Høgskulen og Sogn regionråd. Høgskulen vurderte i 2020 aktuelle modellar for eit deltidsstilbod og konkluderte med at dei ønskjer å tilby ei samlingsbasert deltidsutdanning i sjukepleie i Førde. Tal studieplassar for Sogn vil vera 16. HVL si samla ramme for deltakarar er 48 for dei tre regionane (Sogn, Nordfjord og Ytre Sunnfjord/Ytre Sogn).

1.2 Effektmål (Kvifor)

Effektmålet for prosjektet er at kommunane skal få dekt behovet for sjukepleiarar.

1.3 Resultatmål for hovudprosjekt (Kva)

Resultatmålet for prosjektet er at kommunane skal få fleire utdanna sjukepleiarar.

1.4 Resultatmål for aktuell fase (Kva)

Målet for forprosjektet er at 16 tilsette i kommunane skal starte på den samlingsbaserte deltidsutdanninga i sjukepleie hausten 2021 med fullføring våren 2025.

1.5 Rammer og avgrensing

Samlingsbasert deltidsutdanning i sjukepleie er eit studietilbod for tilsette i kommunar og helseføretak som ønskjer å utdanna seg til sjukepleiar. Studiet blir organisert med ei blanding av samlingar i Førde, praksis i kommunehelsetenesta lokalt, praksis på sjukehus og spesialisthelsetenesta. Helse Førde vil leggja til rette for praksisplassar.

- Deltidsutdanninga går over fire år.
- Samlingar i Førde og studiegruppesamlingar lokalt i heimdistriktet – tal samlingar høgst i starten av studiet.
- Utdanninga følgjer same rammeplan som fulltidsstudiet, men det blir nytta ein tilpassa fagplan.
- Praksis skal gjennomførast lokalt – utanom praksis i spesialisthelsetenesta
- All praksis er på fulltid.
- Maksimalt 50% arbeid ved sidan av studiet.

- Må vera tilsett i kommune eller helseføretak.
- Arbeidsgjevar er aktiv i rekrutterings- og opptaksprosessen.
- Arbeidsgjevar betaler skulepengar (p.t. kr 12 000 pr år pr student) for å dekke meirkostnaden.
- Arbeidsgjevar må vera fleksibel.

Studentane må rettleiast av personar av same profesjon (sjukepleiarar). Sjukepleieutdanninga er styrt av eit EU-direktiv. Det betyr at studentane skal ha praksis både i psykisk helsearbeid, kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Dette direktivet er ikkje under revisjon no. Etter den nye studieplanen, vil praksis i kommunehelsetenesta bli lagt til slutten av studiet. Det er då viktig med kompetente rettleiarar i kommunane. Kommunar som ikkje har tilstrekkeleg rettleiingskompetanse vil ikkje få studentar i desse praksisperiodane.

Kommunane bør vurderer eventuell insentivordning for å få rettleiarar og at ordninga er lik for kommunane.

Minimumskrav til kandidatane: [Generell studiekompetanse](#) eller [realkompetanse](#) (må vere minst 25 år og ha dokumentert relevant realkompetanse innanfor helse- og omsorgsrelatert arbeid).

I tillegg er det krav om gjennomsnittskarakter 3 eller betre i norsk (393 timar, hovudmål, sidemål og munnleg), og gjennomsnittskarakter 3 eller betre i matematikk (224 timar). Dette opptakskrava gjeld for alle søkjarar. Dei nye krava om minimum timetal i norsk og matematikk fører til at mange søkjarar som har utdanning frå nokre år tilbake i tid (eksempelvis fagarbeidarar og hjelpepleiarar), ikkje vil vere kvalifiserte. Dei må melde seg opp til privatisteksamen for å kvalifisere seg.

Ein privatist melder seg til eksamen utan å være elev i faget på oppmeldingstidspunktet. Det vert arrangert eksamen to gonger i året. For våreksamen (april-juni) er frist for oppmelding 1. februar, for hausteksamen (november-desember) er frist for oppmelding 15. september.

Kommunane bør vurderer å kjøpe undervisning frå fylkeskommunen for tilsette som må kvalifisera seg til studiet. Aktuelle finansieringskjelder er eigne midlar frå kommunane eller søkje om ekstern finansiering.

Arbeidstakarar som har utanlandsk sjukepleieutdanning kan få eit spesialtilpassa opplegg. Dei må ha søkt om autorisasjon og fått avslag og dekke minimumskrava for opptak. Informasjon om korleis ein dekkjer krava med utanlandsk utdanning finst her: https://www.samordnaopptak.no/info/utenlandsk_utdanning/

Arbeidsgjevarane må ta aktivt del i prosessen med å velja ut og prioritera kandidatar, og leggja til rette for studentane praktisk og økonomisk. Arbeidsgjevar må skaffe nok praksisplassar. Kandidatane må vera motiverte og må jobbe sjølvstendig både som medarbeidar og student.

Studiet utgjer ca 75% og studentane bør ikkje ha meir enn 50% stilling. Praksisperiodane er på fulltid.

Anbefalingar til kommunane ved utveljing av studentar

- Tenk nøye gjennom utviklingspotensialet til studenten
- Ansiennitet er ikkje nok
- Anbefaler ingen å ha meir enn 50% stilling i tillegg til studiet
- Omstillingsevne frå assistent til leiar
- Kapasitet til å jobbe sjølvstendig både som medarbeidar og student
- Kandidaten bør ha samtale med familien og legge fram korleis målet om å fullføre ei sjukepleieutdanning skal oppnåast
 - Motivasjon
 - Ressursar
 - Støtte
- Leiar bør våge å utfordre dette før dei gjev grønt lys og vil støtte

Kommunane bør vurderer om det er mogleg å lage ein «konto» der kandidatane kan jobbe meir i nokre periodar (eksempelvis helg og ferie), og mindre i andre periodar. Kommunane har ofte veldig ulike støtteordningar. Bokstipend, permisjon med løn. Kommunane bør samarbeide dersom det er mogleg.

Korleis velje ut kandidatar kommunane i mellom?

Det er eit ønske frå HVL at det kan kome meir enn ein kandidat frå eit nokolunde overkommeleg geografisk område.

2. PROSJEKTORGANISASJON

Forprosjektet har følgjande organisering:

Prosjekteigar: Sogn regionråd

Prosjektansvarleg: Dagleg leiar i Sogn regionråd

Prosjektleder: Ekstern konsulent

Styringsgruppe: Rådmannsgruppa i Sogn regionråd

Prosjektgruppe: Regionalt kommunalsjefnettverk for helse og omsorg

Arbeidsgrupper: Det bør etablerast ei arbeidsgruppe for kvar kommune samansett av kommunalsjef helse og omsorg og 1-2 medarbeidarar.

Samarbeidsaktørar som Høgskulen på Vestlandet, Helse Førde og fylkeskommunen si opplæringsavdeling /vidaregåande skule deltek i møte med styringsgruppa og prosjektgruppa ved behov.

Ulike roller med utgangspunkt i dei ulike organisasjonane og institusjonane sitt samfunnsoppdrag:

Kommunane:

- Leggjje til rette aktivt slik at aktuelle kandidatar kan få studiekompetanse og fylle opptakskrava.
- Skal rekruttere sjukepleiestudentar i kommunane. Det bør leggjast inn i retningsliner for rekruttering av personell: Kva ordningar og tilbod kommunen har når det gjeld utdanningsløp for assistentar og helsefagarbeidarar.
- Understreke for studentane kor viktig det er med forventningsavklaring på heimebane. Sjansane for å lukkast er større dersom ein har god støtte heimanfrå.
- Syte for nok praksisplassar i kommunen og tenkje utradisjonelt når det gjeld tidspunkt for praksis. KAD (kommunal akutt døgneining) kan nyttast, evt. legekontor. Praksiskrav følgjer av nasjonal studieplan.
- Syte for kompetente rettleiarar.
- Bidra med undervisningskrefter, noko som Høgskulen forventar av kommunane.
- Leggjje til rette med lokale (grupperom), base for studentane og praktiske ordningar
- Avklare støtteordningar for tilsette og overnattingsstad i Førde .

Fylkeskommunen/vidaregåande skular:

- Har ansvaret for vidaregåande opplæring, også for vaksne.
- Nokre vidaregåande skular er eksamensskular, som skal vurdere kompetanse individuelt, evt. rettleie kandidaten når det gjeld fullføring av fagkompetanse.
- Vaksne elevar kan - ved behov - også følgje den ordinære undervisninga som skulen har.
- Vidaregåande skular informerer om tilbodet til vaksne elevar og formidlar fristar for oppmelding til eksamen.
- Informera aktuelle studentar i det vidaregåande skulesystemet: Kva skule skal dei vende seg til, kva rolle har opptakskontoret, kva tilbod har den einskilde skule osv.

Høgskulen på Vestlandet/sjukepleiarutdanninga:

- Fagleg rettleiing av studentane. I tillegg vil studentane ha kontaktsjukepleiar i praksis på lik linje med sjukepleiarstudentane som går på heiltid.
- Har ansvar for utdanninga; all undervisningsaktivitet, læringsaktivitetar, både individuelt og i grupper og oppfølging i etterkant.
- Samarbeider med helseføretak og kommunar om praksisplassar, som i andre ordinære studieopplegg. Utarbeider «skulerute»/årsplan mellom anna med bakgrunn i samarbeid om praksisplassar.
- Samarbeider med vertskommune/basekommune om lokale og praktisk tilrettelegging
- Viktig å samordne videoutstyr til undervisning med Høgskulen. Systema må kunne «snakke» saman.
- Forventar at kommunane legg godt til rette praktisk og økonomisk slik at studentane greier å gjennomføre utdanninga.

Helseføretak:

- Leggje til rette for at det er nok praksisplassar, tenkje litt utradisjonelt når det gjeld gjennomføring, tid på året.
- Bruke lokalsjukehusa i stor grad – når det er mogleg.
- Helseføretak kan også rekruttere til samlingsbasert deltidsutdanning for at sjukepleiarbehovet skal bli dekkja i spesialisthelsetenesta.

3. PROSJEKTOPPFØLGING

3.1 Avgjerdspunkt

Mars-mai 2020:	Støtteordningar for kommunalt tilsette til drøfting og avgjerd.
1. oktober 2020:	Kommunane melder kvalifiserte kandidatar til høgskulen (16 tilsette)
12. mars 2021:	Kommunane samordnar før innsending av søknader til hvl
15. mars 2021:	Utarbeidde prioritert liste til opptak av studie som går til HVL

3.2 Statusrapportering

Møte i prosjektgruppa (kommunalsjefnettverket) og styringsgruppa (rådmannsgruppa) etter oppsett møteplan ev. eigne møte ved behov.

3.3 Framdriftsplan

Oppgåve	Periode	Ansvarleg
1. Informasjon til kommunane om deltidsutdanninga i sjukepleie (info frå høgskulen ¹ , tema på kommunalsjefnettverket for helse og omsorg, informasjonsark til aktuelle kandidatar).	November 2019-februar 2020	HVL, Sogn regionråd og kommunane
2. Kommunane melder til regionrådet om at dei forpliktar seg til følgjande: økonomisk (årskostnad pr student), leggje forholda til rette for studenten, skaffe relevante praksisplassar, stille lokale til rådvelde for studiegruppesamlingar og delta på samarbeidsmøte	Desember 2019-mars 2020	Kommunane
3. Kvar kommune etablerer ei arbeidsgruppe for oppfølging og koordinering i sin kommune (t.d. kommunalsjef, avdelingsleiar, rådgjevar)	Januar-mars 2020	Kommunane
4. Drøfte og avgjere støtteordningar (arbeidstid, studiepermisjonar, skulepengar, stipendkostnader). Viktig punkt for å få kandidatar - avklarast før tilbod om utdanning.	Mars-mai 2020	Kommunalsjef-nettverket/ Rådmannsgruppa
5. Kommunane kartlegg kven som kan vera aktuelle kandidatar	Januar-mars 2020	Kommunane
6. Kommunane utpeiker nokon som driv med kompetanserttleiing for aktuelle kandidatar for kva kompetanse dei treng for å kome inn på studiet	Desember 2019-januar 2020	Kommunane
7. Kartleggings skjema til kandidatane som grunnlag for avklaring av evt kvalifiseringsbehov (vedlegg: spørjeskjema).	Vår 2020	Prosjektleiar
8. Hjelp og rettleiing til kandidatane for avklaring av kvalifiseringsbehov. Kontakt med opptakskontoret, HVL er avgjerande. Behov for særleg avklaring knytt til kandidatar med utanlandsk bakgrunn.	Vår 2020	Prosjektleiar Opptakskontoret HVL
9. Vurdere og ev organisere undervisning for dei som skal ta privatisteksamen <ol style="list-style-type: none">Kontakte fylkeskommunen (opplæringsavdelinga/ vidaregåande skular)Fylkesmannen – tilskot til undervisningVidaregåande skule – støtteundervisning i matematikk og norsk, ev andre fag etter behov	April – august 2020	Prosjektleiar

¹ <https://www.hvl.no/studier/studieprogram/sykepleie/>

10. Kandidatar må stette minimumskrava og må ta privatisteksamen for å kvalifisera seg (opptakskrav om generell studiekompetanse og time- og karakterkrav)	Haust 2020 eller vår 2021	Kandidatane
11. Møte med kommunalsjefar og dei kommunale arbeidsgruppene – ilag med høgskulen, fylkeskommunen og Helse Førde	Juni - september 2020	Prosjektlear
12. Frist for å melda seg på eksamen er 15. september (for eksamen november-desember 2020) og 1. februar for eksamen (april-juni 2021).	15.9.2020 /1.2.2021	Kandidatane
13. Kommunane må melda frå til høgskulen innan 1. oktober 2020 kor mange kvalifiserte kandidatar dei har. Tal plassar er om lag 16 for kvar region.	1.10.2020	Kommunane
14. Høgskulen tilbyr eiga utdanning i rettleiingspedagogikk for utdanning av rettleiarar (deltidsstudie i 1 semester med inntil 10 /15 studiepoeng). Søknadsfrist 1.11. kvart år.	1.11.2020	Aktuelle rettleiarar
15. Høgskulestyret avgjer november 2020 kva studium og kor mange studieplassar som skal lysast ut til opptaket hausten 2021.	November 2020	Hvl
16. Aktuelle kandidatar får informasjon om studieplan, flygeark om utdanninga, brosjyre, skulerute, info om opptak og søknadsskjema til eigen kommune /arbeidsgjevar. Informasjon går til kommunalsjefane som distribuerer til aktuelle avdelingar /avdelingsleiarar	Desember 2020	Prosjektlear
17. Informasjonsbrevet i desember 2020 (jf førre punkt) må gjerast kjent for alle i kvar avdeling og spesielt syte for å distribuera til dei som har vist interesse.	Januar 2021	Kommunane
18. Dei som vil søkje må få hjelp og støtte av kommunen	Januar-februar 2021	Kommunane
19. Tilsette sender søknad til kommunen innan 1. mars 2021. Dokumentasjon på utdanning og praksis jf grunnleggjande krav til generell studiekompetanse og miniumskarakterane 3 i matematikk og norsk.	1. mars 2021	Kandidatane
20. Kvar kommune vurderer innkomne søknader og sjekkar at all nødvendig dokumentasjon er med	Innan 8. mars 2021	Kommunane
21. Intervju av søkjarar og sluttarbeid i kvar kommune	Innan 12. mars 2021	Kommunane
22. Arbeidsmøte for alle kommunane, oppsummera og samordna søknader før innsending av søknader til HVL	12. mars 2021	Prosjektlear og kommunalsjefane

23. Kommunane sender ei prioritert liste til opptak ved HVL med aktuelle kandidatar og ev vara. Lista skal innehalde namn på kandidaten, e-post og mobilnummer til søkjarane	15. mars 2021	Prosjektleiar og kommunalsjefane
24. Kvar søkjar sender inn søknad elektronisk til HVL. Med bakgrunn i lista over kandidatar frå kommunane med e-postadresser (sjå pkt. 18) vil HVL sende ut link til elektronisk søknadsskjema til kvar kandidat. Kandidatane laster opp nødvendig informasjon som vedlegg til søknad.	15. mars 2021	Kvar søkjar
25. HVL sender lenke til søkjarane slik at dei kan leggje inn søknad elektronisk og laste opp dokumentasjon	Mars 2021	HVL
26. Opptakskontoret vurderer kvalifikasjonane til søkjarane og gjev tilbud til dei som er kvalifiserte, maks 20 tilsette.	Våren 2021	Opptakskontoret
27. Arbeidsplassane utarbeider tilrettelagt årsarbeidsplan.	Februar-juni 2021	Kommunane
28. Avklare praksisplassar med helseføretaket.	Januar-april 2021	Prosjektleiar
29. Oppstart av samlingsbasert deltidsutdanning i sjukepleie	August 2021	HVL

4. MÅLGRUPPER, INTERESSENER OG KOMMUNIKASJONSSTRATEGI

4.1 Interessentar/målgrupper

Kandidatar til studiet - tilsette i dei sju kommunane og ev. ved Lærdal sjukehus
Høgskulen på Vestlandet
Vestland fylkeskommune
Helseføretak

4.2 Kommunikasjonsstrategi

Januar 2020: Informasjon til aktuelle kandidatar om kompetansekrav til studiet. Ansvarleg: Prosjektleiar og kommunane

Våren 2020: Informasjon frå Høgskulen om studiet. Ansvarleg: Høgskulen utarbeider og kommunane formidlar til kandidatane

Informasjon om støtteordningar til interesserte kandidatar. Ansvarleg: Prosjektleiar og kommunane

Arbeidsmøte med prosjektgruppe og arbeidsgruppene i kommunane med hvl og fylkeskommunen. Ansvarleg: Prosjektleiar

Desember 2020: Informasjon om studieplan, info om opptak og søknadsskjema. Ansvarleg: Høgskulen utarbeider og kommunane formidlar til kandidatane

5. RISIKOVURDERING

5.1 Risikofaktorar

Risikofaktor	Mottiltak
- For få tilsette melder seg interesserte	- Informera og kontakta aktuelle tilsette
- For få som kvalifiserer seg	- Leggje til rette for undervisning og at privatistane får tilbod om å følgje undervisning - Dekking av kostnader i samband med undervisning til studiekvalifisering. - Stipendordning
- For få som gjennomfører	- Godt tilrettelagt desentralisert opplegg som tek omsyn til totalsituasjon for studentane (jobb, studie, familie mv) - Undervisning så lokalt som mogeleg. Dialog med høgskulen om dette.
- Kommunikasjon med kommunane tidvis krevjande grunna tidspress.	- Møte med generelle avklaringar og fullmakter til prosjektleiinga.
- Avklaring av kvalifiseringsbehov for kandidatane. Kommunikasjon med opptakskontor HVL krevjande grunna arbeidstopp knytt til opptak for andre studentar	- Prosjektleiar har direkte kontakt med kandidatar. Opptakskontoret HVL vurderer samlingsbasert deltidsutdanning i sjukepleie inn i større grad som del av sitt oppdrag.
- Finansiering av støtteundervisning. Statleg støtte ved fylkesmannen eller tungt løft for kommunane.	- Drøfte med kommunane tidleg i prosjektet - Tidleg søknad til fylkesmannen

6. GJENNOMFØRING

Tids- og ressursplanar

Hovudaktivitetar	Tidsplan (månad januar 2020- august 2021)																			
	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A
Prosjektorganisering																				
Info til tilsette																				
Støtteordningar																				
Kartlegging av kompetanse																				
Kvalifisering til studiet																				
Søknadsprosess i kommunane																				
Søknadsprosess til høgskulen																				
Avtale om praksisplassar i helseforetak																				
Årsarbeidsplan																				
Oppstart																				

Møte	Tidsplan (månad januar 2020- august 2021)																			
	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A
Arbeidsgruppemøte																				
Prosjektgruppemøte																				
Styringsgruppemøte																				

7. ØKONOMI

Kostnader	
Kostnad pr hovudaktivitet	Beløp
Prosjektleiing	130 000
Møte (lokale, honorar, reiseutgifter)	50 000
Personalressursar i kommunane (prosjektmøte, info/oppfølging til tilsette)	340 000
Undervisningskostnader Vestland fylkeskommune	300 000
Undervisningstid for kandidatane	1 800 000
Sum	2 620 000

Finansiering	
Finansieringstype og kjelde	Beløp
Skjønnsmidlar 2020	150 000
Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot 2020	300 000
Eigne midlar frå kommunane og eigeninnsats frå tilsette	2 170 000
Sum	2 620 000

Vedlegg Spørjeskjema

Kartlegging av kompetansebehov

Sogn regionråd vil kartlegge kompetansebehovet hos dei tilsette i dei sju kommunane som ønskjer å byrje på desentralisert sjukepleiarutdanning hausten 2021. Set kryss for det som er behov for den enkelte kandidat. Opplysningane vert handsama konfidensielt. I samleskjema vert namn fjerna ved utsending. Sjå vedlegg for meir informasjon. For ev. spørsmål kontakt prosjektleiar Helge Ulvestad tlf. 97106001, epost helge.ulvestad@online.no. Frist for utfylling er 20. mai 2020.

*Må fylles ut

E-postadresse *

E-postadressen din

Kommune

Svaret ditt

Namn kandidat

Svaret ditt

Fødd

Svaret ditt

Stillingsprosent

Svaret ditt



Har du studiekompetanse?

Svaret ditt

Trenger du full påbygging?

Ja

Nei

I kva fag treng du å forbetre karakterer?

Norsk

Matematikk

Andre fag - fyll ut i feltet under

Kva andre fag treng du for å stetta opptakskravet? Jf spørsmål over.

På kva grunnlag vil du søkje opptak på ?

Etter 23/5 regelen (inneber at du er fylt 23 år og har minst 5 års arbeidserfaring)

Etter realkompetanse

Andre merknader /kommentarar

Svaret ditt

Send meg en kopi av svarene mine.

